

Vår saksbehandlar:
Sverre Olav Svarstad

Direkte telefonnr.:

Vår dato:
02.02.2005
Dykkar dato:Vår referanse:
2005/53-1690/2005-009
Dykkar referanse:Kommunal og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP	
03 FEB 2005	
0412771-195	
Ark.	013
Avd.	RA ISSA ILAG

**LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - UTTALE FRÅ BØMLO
KOMMUNE**


Kommunestyret hadde møte 31.01.05 og gjorde vedtak om å gje følgjande uttale i saka:

1. Bømlo kommune sluttar seg til Distriktskomisjonen si fleirtalstilråding om trongen for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
2. Bømlo kommune går inn for ein Vestlandsregion, og meiner at det er viktig med ein samla felles bu- arbeids og serviceregion slik at Sunnhordland og Nord – Rogaland må vera samla i ein region.
3. Bømlo kommune meiner at val til dei folkevalte regionale organa skal skje gjennom representasjon frå kommunane.
4. Bømlo kommune støttar Distriktskomisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts og regionalpolitikken til eit regional folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på områder som er viktige for regional utvikling. Dette vil føre til å skape vekst og utvikling og vil utløyse meir av det potensiale som ligg i verdiskaping i alle deler av landet.
5. Bømlo kommune slutter seg i hovudsak til Distriktskomisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde nivået og forventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkje det kommunale nivået.
6. Bømlo kommune meiner det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalte nivået vert avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje ventor til den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
7. Bømlo kommune sluttar seg i hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskomisjonen med dei synspunkta som er presiserte i punkta a) – i) i saksutgreinga.

Med helsing

BØMLO KOMMUNE
BØMLO KOMMUNE

Follesekretariat


Sverre Olav Svarstad
Rådmann